

ÅRSRUNDSKRIV FOR OMREGISTRERINGSavgift 2022

1. juli 2022

Skattedirektoratet

Juridisk avdeling
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO
www.skatteetaten.no

Innhold

1	Innleiing	4
1.1	Om Skattedirektoratets årsrundskriv	4
1.2	Kva er omregistreringsavgift?	4
1.3	Kva regelverk gjeld?	4
2	Avgiftsplikt	4
3	Avgiftsbereking	5
4	Fritak.....	5
4.1	Korleis få fritak	5
4.2	Namneendring	6
4.3	Omregistrering på ektefelle	6
4.4	Arv mellom foreldre og barn	6
4.5	Køyretøy som er 30 år eller eldre	6
4.6	Utlodda køyretøy	6
4.7	Diplomat-køyretøy	7
4.8	NATO-køyretøy.....	7
4.9	Den nordiske investeringsbank	7
4.10	Omregistreringar innanfor to månader	7
4.11	Heving eller omlevering	8
4.11.1	Om fritaket	8
4.11.2	Førstegongsregistrerte køyretøy	8
4.11.3	Tidlegare registrerte køyretøy	8
4.12	Omorganisering av verksemd.....	9
4.13	Sletting av registrert eigar eller medeigar.....	9
4.14	Feilregistreringar	9
4.15	Køyretøy til bruk på Svalbard	10
4.16	Fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser	10
4.17	Omdanning av offentleg verksemd til helseføretak	10
4.18	Dokumentasjon for avgiftsfritak	10
5	Lemping av fastsett avgift og dispensasjon frå avgiftsplikta	10
6	Betaling, beløpsgrenser og renter	11
7	Oversikt over endringar	11
7.1	Endringar 1. januar 2022	11
7.1.1	Stortingets vedtak om omregistreringsavgift	11
7.1.2	Forskrift om omregistreringsavgift	11
7.1.3	Skattedirektoratets årsrundskriv	11
7.2	Endringar 1. juli 2022.....	11
7.2.1	Stortingets vedtak om omregistreringsavgift	11

7.2.2	Forskrift om omregistreringsavgift	11
7.2.3	Skattedirektoratets årsrundskriv	11

1 Innleiing

1.1 Om Skattedirektoratets årsrundskriv

Årsrundskriv for omregistreringsavgift er utarbeidd av Skattedirektoratet, og gir ei nærare utgreiing av relevante reglar i særavgiftsregelverket.

Målgruppa for årsrundskrivet er skattemyndigheitene og dei avgiftspliktige, men det kan òg ha interesse for andre som ønsker informasjon om regelverket.

Skattedirektoratets årsrundskriv for omregistreringsavgift blir oppdatert årleg med dei endringane Stortinget vedtar i samband med statsbudsjettet. Årsrundskrivet oppdaterast òg i løpet av året viss det er behov for det.

1.2 Kva er omregistreringsavgift?

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift ved omsetning av køyretøy som tidlegare har vore registrerte i Noreg (brukte køyretøy). I staden skal det betalast ei særavgift ved omregistrering. Omregistreringsavgifta vert vedtatt av Stortinget kvart år gjennom dei årlege særavgiftsvedtaka.

Avgiftsplikta oppstår når eit tidlegare registrert køyretøy vert omregistrert på ny eigar i Køyretøyregisteret. Avgifta må betalast før omregistrering kan skje.

1.3 Kva regelverk gjeld?

Dette årsrundskrivet omhandlar i all hovudsak dei materielle reglane som gjeld for omregistreringsavgift. Dette er reglane i

- [Stortingets vedtak om omregistreringsavgift](#) (stortingsvedtaket)
- [motorkøyretøy- og båtavgiftslova](#)
- [forskrift om omregistreringsavgift](#)

Enkelte stadar er det òg knytt kommentarar til reglane i

- [skatteforvaltningslova](#) (sktfvl.)
- [skatteforvaltningsforskrifta](#) (sktfvf.)
- [skattebetalingslova](#) (sktbl.)
- [skattebetalingsforskrifta](#) (sktbf.)

For utfyllande kommentarar til skatteforvaltningslova og skattebetalingslova med tilhøyrande forskrifter, sjå [Skatteforvaltningshåndboken](#) og [Skattebetalingshåndboken](#). Vi gjer merksam på at Skatteforvaltningshåndbokens omtale av reglar som gjeld særavgift, ikkje nødvendigvis er oppdatert med seinaste endringar.

Nokre stadar er det òg vist til relevante reglar i anna regelverk, for eksempel reglar i tollova.

2 Avgiftsplikt

([stortingsvedtaket § 1](#) og [forskrift om omregistreringsavgift § 1](#))

Plikta til å betale omregistreringsavgift oppstår når eit registrert køyretøy (motorvogn eller tilhengar) vert omregistrert på ny eigar i Køyretøyregisteret. Den oppstår òg når eit avregistrert køyretøy registrerast igjen på ny eigar.

Med eigar meinast den registrerte eigar eller medeigar ifølgje Køyretøyregisteret.

Plikta til å betale omregistreringsavgift gjeld for

- personbilar, mopedar, motorsyklar og beltemotorsyklar

- lastebilar, trekkbilar, varebilar, kombinerte bilar, campingbilar, beltebilar og bussar med tillaten totalvekt inntil 7 500 kg
- biltilhengarar (herunder semitrailerar og campingtilhengarar) med typegodkjent eigenvekt over 350 kg

Det følgjer av sktbl. § 10-40 første ledd at omregistreringsavgifta må betalast før omregistrering kan skje. Regelen er omtalt i [Skattebetalingshåndboken kapittel 10-40](#).

3 Avgiftsbereking

([stortingsvedtaket § 1](#) og [forskrift om omregistreringsavgift § 2](#))

Omregistreringsavgifta fastsetjast etter tabellen i stortingsvedtaket § 1. Dei avgiftspliktige køyretøya er delte inn i fem grupper, og deretter er avgifta gradert etter vekt og alder på køyretøyet.

Avgifta skal fastsetjast på grunnlag av den avgiftsmessige statusen som køyretøyet har på omregistreringstidspunktet, etter definisjonane som følgjer av regelverket til vegmyndigheitene og forskrift om engangsavgift på motorvogner. Dette inneber blant anna at det skal reknast avgift for ambulanse etter satsane for personbilar, og for gravferdskøyretøy (likvogn) etter satsane for varebilar. Er det tvil om avgiftsmessig køyretøygruppe, skal spørsmålet takast opp med skattekontoret.

Eigenvekta som går fram av Køyretøyregisteret, skal vere grunnlaget for avgiftsfastsetjinga.

Registreringsår er det kalenderåret eit køyretøy første gong vart registrert her i landet, eller i utlandet dersom køyretøyet har vore registrert i utlandet før det vart registrert her i landet. Det er opplysningane i Køyretøyregisteret som skal leggjast til grunn.

Særleg om elektriske køyretøy

Fritaket for køyretøy som berre bruker elektrisitet til framdrift, medrekna motorvogner kor elektrisiteten er produsert i brenselceller, blei oppheva 1. mai 2022. Samtidig blei det innført ei tilsvarande ny avgiftsgruppe i stortingsvedtaket § 1 første ledd (ny bokstav e).

4 Fritak

4.1 Korleis få fritak

For nokre av fritaka kan fritak bli innvilga automatisk i samband med at køyretøyet omregistrerast på ny eigar. Dette føreset at ein omregistrerer køyretøyet gjennom Statens vegvesens sjølvhjelpsløysing på nett og at all nødvendig informasjon ligg i Skatteetaten sine system. Viss desse føresetnadane ikkje er oppfylte, kan ein søkje Skatteetaten om fritak.

I nokre tilfelle er det ein føresetnad for automatisk innvilga fritak at eigar har dokumentert køyretøyet sin status overfor Statens vegvesen før køyretøyet omregistrerast gjennom Statens vegvesens sjølvhjelpsløysing. Dette gjeld omregistrering av

- diplomat-køyretøy
- NATO-køyretøy
- køyretøy til bruk på Svalbard

For nokre fritak må det søkjast til Skatteetaten. I dei tilfella kor ein får innvilga søknad om fritak, vil omregistreringa skje automatisk dersom dei øvrige vilkåra for omregistrering er oppfylt. Dette gjeld omregistrering

- av utlodda køyretøy
- på Den nordiske investeringsbank
- ved heving eller omlevering av førstegongsregistrert køyretøy
- ved omorganisering av verksemd

I alle høve kor vilkåra for fritak er oppfylt, kan det søkjast om refusjon av betalt avgift i etterkant av omregistreringa.

Ved heving av kjøp av eit brukt køyretøy, må kjøparen søkje Skatteetaten om refusjon av avgifta som blei betalt ved kjøpet.

4.2 Namneendring

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav a og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 1)

Omregistrering av køyretøy som følgje av endring av personnamn eller firmanamn er fritatt for avgift. Namneendringa må vere registrert i Folkeregisteret eller Einingsregisteret.

4.3 Omregistrering på ektefelle

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav b og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 2)

Det blir gitt fritak for avgift ved omregistrering av køyretøy på ektefelle. Fritaket omfattar òg omregistrering på ektefelle i samband med separasjon, skilsmisse eller dødsfall.

Som ektefellar reknast òg registrerte partnarar, jf. ekteskapslova § 111.

Omregistrering av køyretøy mellom sambuarar er ikkje fritatt for avgift.

4.4 Arv mellom foreldre og barn

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav c og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 3)

Omregistrering mellom foreldre og barn som arv er fritatt for avgift. Det er eit krav at det vert sett i verk fullt arveskifte (dødsbu).

Fritaket gjeld ikkje forskot på arv.

4.5 Køyretøy som er 30 år eller eldre

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav d og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 4)

Omregistrering av køyretøy som er 30 år eller eldre er fritatt for avgift. For 2022 gjeld fritaket køyretøy med registreringsår 1992 og eldre. Registreringsår er det kalenderåret eit køyretøy første gong vart registrert her i landet, eller i utlandet dersom køyretøyet har vore registrert i utlandet før det vart registrert her i landet. Det er opplysningane i Køyretøyregisteret som skal leggjast til grunn.

Registreringsåret kan fråvikast dersom det kan dokumenterast at køyretøyet har produksjonsår tidlegare enn registreringsåret. Dette kan vere tilfelle der eit bruktimportert køyretøy ikkje har vore registrert i utlandet før innførselen.

4.6 Utlodda køyretøy

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav e og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 5)

Omregistrering av køyretøy som loddast ut og som tidlegare har vore registrert på utloddaren er fritatt for avgift. Fritaket gjeld når køyretøyet er sjølvgevinsten, og ikkje når køyretøyet vert brukt til å *demonstrere* gevinsten.

Det er eit vilkår for fritak at registrert eigar av køyretøyet kan avholde lotteri etter lotterilova § 6 eller § 7 i det tidsrommet køyretøyet har vore registrert.

4.7 Diplomatkøretøy

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav f samt [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 6 første og fjerde ledd)

Køretøy som registrerast på framand stats diplomatisk eller konsulær stasjon, diplomatisk eller konsulær tenestemann eller utanlandsk personell på nemnde stasjonar som nyt personleg toll- og avgiftsfridom er fritatt for avgift.

Når køretøy med registreringstilhøyrsløse som nemnt over, blir omregistrert på eigar som ikkje har avgiftsfri status, skal det betalast avgift.

4.8 NATO-køretøy

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav g og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 6 tredje og fjerde ledd)

Køretøy som registrerast på NATO eller NATOs hovudkvarter i Noreg, styrkar eller personell i den utstrekning dette følgjer av internasjonale avtaler Noreg er forplikta av, er fritatt frå omregistreringsavgift. Fritaket omfattar på tilsvarende vilkår òg styrkar frå land som deltar i Partnerskap for fred.

Når køretøy med registreringstilhøyrsløse som nemnt over, blir omregistrert på eigar som ikkje har avgiftsfri status, skal det betalast avgift.

4.9 Den nordiske investeringsbank

([stortingsvedtaket § 2](#) første ledd bokstav h)

I avtale 23. oktober 1998 mellom Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige om Den nordiske investeringsbank, skal banken sine inntekter, aktiva og eigedom vere fritatt for all skattlegging, med dei presiseringar som går fram av artikkel 9.

Fritaket frå omregistreringsavgift gjeld berre omregistrering av køretøy som registrerast på banken og som er nødvendige for banken si offisielle verksemd, jf. stortingsvedtaket § 2 bokstav h.

4.10 Omregistreringar innanfor to månader

([stortingsvedtaket § 2](#) bokstav i og [forskrift om omregistreringsavgift § 6](#) nr. 7)

Det givast fritak for avgift ved omregistrering av køretøy som har vore registrert på same eigar i to månader eller mindre (samla påskiltings-/registreringstid), jf. stortingsvedtaket § 2 bokstav i.

Korleis fristen skal reknast går fram av forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 7 andre ledd. Der heiter det at tomånadersfristen skal reknast frå registreringsdatoen til og med same dato i den andre etterfølgjande månaden. I mangel av tilsvarende dato løper fristen ut på siste dag i månaden. Dersom fristen sluttar på ein laurdag, heilagdag eller dag som etter lovgivinga er likestilt med heilagdag, skal fristen skytast ut til nærmaste kyrkedag.

Reknemåten i forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 7 andre ledd tar ikkje høgde for dei tilfelle kor eit køretøy vert avregistrert og deretter påregistrert same eigar før omregistrering på ny eigar. Dette kan òg vere tilfelle som er omfatta av fritaket: avgjerande er om *samla påskiltings-/registreringstid* overstig to månader. Dersom av- og påregistrering medfører at det ikkje er mogeleg å bruke rekne-måten i § 6 nr. 7 andre ledd for å fastsetje om tilfellet er innanfor fristen, reknar ein i praksis fristen som 60 dagar, med tilsvarende atterhald for heilagdag og liknande som følgjer av § 6 nr. 7 andre ledd.

Ved omregistrering på ny eigar skal den registrerte dato i Køretøyregisteret leggjast til grunn. I dei tilfella der registrering ikkje er gjord, men nødvendige dokument er komne inn til Statens vegvesen,

kan det òg givast avgiftsfritak. I desse tilfella er det krav om ei skriftleg stadfesting frå Statens vegvesen. Som nødvendige dokument reknar ein mellom anna gyldig salsmelding og melding frå forsikringselskap om at det er teikna trafikansvarsforsikring.

Fristen på to månader / 60 dagar er absolutt og gir ikkje rom for vurdering etter skjøn.

Fritaket gjeld ikkje dersom føregåande omregistrering var fritatt for avgift etter reglane i stortingsvedtaket § 2 bokstav a–c, e–j og l.

For køyretøy som er avregistrert innan to månader frå siste registrering og blir dokumentert hogd eller levert til vraking på godkjend oppsamlingsplass, kan skattekontoret etter søknad refundere betalt avgift.

4.11 Heving eller omlevering

4.11.1 Om fritaket

(stortingsvedtaket § 2 bokstav j)

Stortingsvedtaket § 2 bokstav j gir fritak for omregistreringsavgift ved heving eller omlevering etter reglane i kjøpslova og forbrukarkjøpslova. Forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 8 utfyller fritaket når det gjeld førstegongsregistrerte køyretøy, og § 6 nr. 9 utfyller fritaket når det gjeld tidlegare registrerte køyretøy.

4.11.2 Førstegongsregistrerte køyretøy

(forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 8)

Forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 8 rettar seg mot sal av eit køyretøy som ikkje tidlegare har vore registrert her i landet, og som vert førstegongsregistrert i Noreg på kjøparen som ei følgje av salet. Ved heving eller omlevering i slike tilfelle kan det søkjast om fritak for omregistreringsavgift når køyretøyet vert registrert tilbake på seljaren, jf. første ledd. Fritaket omfattar ikkje innbytesal, der seljaren tar tilbake eit køyretøy som betaling for sal av eit anna. Det er eit vilkår for fritak at tidlegare rapportert meirverdiavgift er godskriven etter reglane i meirverdiavgiftslova.

Eit køyretøy som er registrert tilbake på seljar som følgje av kjøpsheving eller omlevering som nemnt over, er òg fritatt frå omregistreringsavgift ved omregistrering på ny eigar. Det er eit vilkår for fritak i slike tilfelle at salet til ny eigar er belasta meirverdiavgift etter reglane i merverdiavgiftslova. Dersom det ikkje kan dokumenterast at meirverdiavgift er betalt, vil vidaresalet bli sett på som eit ordinært bruktbilsal, og det blir ikkje gitt fritak. Unntaket er køyretøy som er fritatt for meirverdiavgift, for eksempel elektrisk drevne bilar. I slike tilfelle trengst det ikkje dokumenterast at det er betalt meirverdiavgift for å oppnå fritak.

4.11.3 Tidlegare registrerte køyretøy

(forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 9)

Kjøpar av eit køyretøy som har vore registrert i Noreg tidlegare (brukt køyretøy), kan etter forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 9 få refundert betalt omregistreringsavgift dersom kjøpet vert heva.

Det er tre vilkår som må vere oppfylt for å oppnå fritak:

- Kjøpar må ha betalt eller blitt belasta avgifta.
- Kjøpesummen må vere tilbakebetalt kjøparen.
- Seljar kan ikkje ha refundert eller godskriven kjøparen avgifta i samband med hevingsoppgjeret.

Det er ikkje eit vilkår at seljar registrerer køyretøyet tilbake på seg etter heving for at kjøpar skal ha rett på fritaket.

4.12 Omorganisering av verksemd

([stortingsvedtaket § 2 bokstav k](#) og [forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 10](#))

Omorganiseringar av selskap som har skjedd med lovfesta *selskapsrettsleg kontinuitet* er fritatt frå omregistreringsavgift. Dette vil vere reglar i forskjellige lover, blant anna aksjelova kapittel 13, 14 og 15, allmennaksjelova kapittel 13, 14 og 15, samvirkelova kapittel 11, statsforetakslova §§ 54 og 55, stiftelseslova §§ 53 og 54, bustadbyggjelagslova kapittel 9, og burettslagslova kapittel 10 og § 13-5.

Det er òg fritak for omorganiseringar som er eller kunne ha blitt gjennomført med *skattemessig kontinuitet* etter særskilde reglar i skattelova med tilhøyrande forskrifter. Reglane i skattelova er lista opp under:

- § 11-2 skattefri fusjon av aksjeselskaper og allmennaksjeselskaper m.m.
- § 11-3 skattefri fusjon av deltakarlikna selskap
- § 11-4 skattefri fisjon av aksjeselskaper og allmennaksjeselskaper m.m.
- § 11-5 skattefri fisjon av deltakarlikna selskap
- § 11-11 grenseoverskridande fusjon, fisjon og aksjebytte
- § 11-20 skattefri omdanning av virksomhet. Dette omfattar omdanning til aksjeselskap eller allmennaksjeselskap av
 - a. enkeltpersonforetak
 - b. virksomhet drevet av kommune eller fylkeskommune
 - c. interkommunalt selskap
 - d. deltakarlikna selskap som omfattast av skattelova § 10-40
 - e. samvirkeføretak
 - f. statsføretak
 - g. norskregistrert utenlandsk selskap skattepliktig etter skattelova § 2-2 første ledd bokstav e

Fritaket frå omregistreringsavgift gjeld ikkje for omorganiseringar eller omregistreringar som er gjennomført før 1. januar 2016.

Dei som har rett på fritaket må erklære det sjølve til Skatteetaten. Erklæringa må innehalde namna på selskapa som har blitt omorganisert, dato for omorganiseringa, og heimelen for lovfesta selskapsrettsleg kontinuitet eller skattemessig kontinuitet.

4.13 Sletting av registrert eigar eller medeigar

([stortingsvedtaket § 2 bokstav l](#) og [forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 11](#))

Det skal ikkje betalast omregistreringsavgift ved sletting av registrert eigar eller medeigar i Køyretøyregisteret. Det skal heller ikkje betalast omregistreringsavgift dersom eigar og medeigar byter plass i Køyretøyregisteret.

Fritaket gjeld berre for *sletting*, ikkje for registrering av ny eigar eller medeigar.

4.14 Feilregistreringar

Det skal ikkje betalast omregistreringsavgift i samband med feilregistreringar som skuldast forhold ved registreringsmyndigheitene eller Skatteetaten.

Nokre gongar vert det registrert ei salsmelding utan at omregistreringa vert fullbyrda. Vegmyndigheitene kan då registrere salsmelding tilbake til førre eigar utan at det må betalast omregistreringsavgift. Køyretøyet har i desse tilfella ikkje blitt omregistrert på ny eigar, og plikten til å betale omregistreringsavgift har dermed ikkje oppstått.

4.15 Køyretøy til bruk på Svalbard

([Svalbardlova § 2](#) og [Svalbardtraktaten artikkel 8](#))

Det skal ikkje betalast omregistreringsavgift når køyretøy som er registrert til bruk på Svalbard omregistrerast på ny eigar til framleis bruk på Svalbard. Dette følgjer av svalbardlova § 2 og Svalbardtraktaten artikkel 8.

Slike køyretøy kan òg avgiftsfritt omregistrerast på ny eigar med adresse på fastlandet dersom køyretøyet framleis er i bruk på Svalbard. Det skal da gjerast merknad i Køyretøyregisteret om at køyretøyet går på Svalbard.

4.16 Fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser

([inndelingslova § 14](#))

Det skal ikkje betalast omregistreringsavgift i samband med disposisjon som er ei direkte følgje av grenseendring etter inndelingslova, jf. § 14.

4.17 Omdanning av offentleg verksemd til helseføretak

([helseforetakslova § 50](#))

Det skal ikkje betalast omregistreringsavgift i samband med omdanningar som gjerast i medhald av helseforetakslova § 50. Fritaket gjeld blant anna ved overføring av fylkeskommunal, kommunal og statleg verksemd til helseføretak, og ved overføring av verksemd mellom helseføretak.

4.18 Dokumentasjon for avgiftsfritak

([forskrift om omregistreringsavgift § 6 nr. 12](#))

Den avgiftspliktige skal kunne dokumentere at vilkåra for avgiftsfritak er oppfylt. Skatteetaten kan krevje dokumentasjon frå både før eit fritak blir innvilga eller ved ein etterfølgjande kontroll. Denne dokumentasjonsplikta gjeld så lenge Skatteetaten har rett til å endre fastsetjinga av fritaket, sjå fristane i sktfvl. § 12-6.

5 Lemping av fastsett avgift og dispensasjon frå avgiftsplikta

([sktfvl. § 9-9](#) og [stortingsvedtaket § 4](#))

Fastsett avgift skal som den klare hovudregel betalast, enten frivillig eller gjennom tvangsinnkrevjing. Skattemyndigheitene kan likevel utsette betalinga av eit krav eller setje ned eit krav heilt eller delvis (lemping) viss det av særlege grunnar knytt til fastsetjinga verkar særleg urimeleg å fastholde heile kravet, jf. sktfvl. § 9-9. Regelen skal dekkje tilfella kor regelverket i det spesielle enkelttilfellet gir ein utilsikta verknad.

Vilkåra for lemping er strenge, og det er derfor ei snever mogelegheit. Kvart tilfelle må vurderast konkret. Vurderinga er knytt til dei utilsikta verknadane av regelverket, og ikkje til forhold ved situasjonen til den avgiftspliktige. Økonomiske, sosiale, helsemessige eller liknande forhold skal følgeleg ikkje tilleggast vekt ved vurderinga. Dette er òg lagt til grunn i fast praksis. Du kan lese meir om dette i [Skatteforvaltningshåndboken](#).

Lemping etter sktfvl. § 9-9 kan som hovudregel berre nyttast etter at eit avgiftskrav er fastsatt. Reglane om dispensasjon i stortingsvedtaket kan nyttast ved søknad om dispensasjon i forkant av fastsetjinga. Vilkår og vurderingstema er i hovudsak dei same som etter sktfvl. § 9-9.

6 Betaling, beløpsgrenser og renter

Sktbl. kapittel 9 har reglar om betalingsmåtar og kva som reknast som betaling i rett tid. Betaling er omtalt i [Skattebetalingshåndboken kapittel 9](#).

Det er fastsett beløpsgrenser for betaling og tilbakebetaling av krav. Beløpsgrenser er omtalt i [Skattebetalingshåndboken kapittel 10-4](#).

Sktbl. kapittel 11 har reglar om renter. Renter er omtalt i [Skattebetalingshåndboken kapittel 11](#).

7 Oversikt over endringar

7.1 Endringar 1. januar 2022

7.1.1 Stortingets vedtak om omregistreringsavgift

- § 1: Satsendringar.

7.1.2 Forskrift om omregistreringsavgift

- Forskrifta blei endra med verknad frå 22. mars 2021: § 4 oppheva, endringar i § 6 nr. 1, 2, 3, 5, 6, 7, 8, 9 og 10, samt ny § 6 nr. 13 om dokumentasjon for avgiftsfritak.

7.1.3 Skattedirektoratets årsrundskriv

- Omtalen av fleire av fritaka som blei endra 22. mars 2021 er endra. Dette gjeld omtalen av fritaket ved namneendring (punkt 4.2), omregistrering på ektefelle (punkt 4.3), arv mellom foreldre og barn (punkt 4.4), utlodda køyretøy (punkt 4.6), NATO-køyretøy (punkt 4.8), omregistreringar innanfor to månader (punkt 4.10), heving eller omlevering (punkt 4.11), og omorganisering av verksemd (punkt 4.12).
- I omtalen av fritaket ved omregistreringar innanfor to månader er det tatt inn omtale av køyretøy som er avregistrert innan fristen, og dokumentert hogd eller levert til vraking på godkjend oppsamlingsplass (punkt 4.10).
- Nytt punkt om dokumentasjon for avgiftsfritak (punkt 4.19).
- Omtalen av korleis ein betalar omregistreringsavgift er tatt ut.
- Redaksjonelle endringar.

7.2 Endringar 1. juli 2022

7.2.1 Stortingets vedtak om omregistreringsavgift

- Sttingsvedtaket blei endra 1. mai 2022, ved at det i § 1 første ledd blei tatt inn ny bokstav e for køyretøy som berre bruker elektrisitet til framdrift, medan tilsvarende fritak i § 2 første ledd blei oppheva.

7.2.2 Forskrift om omregistreringsavgift

- § 6: Endringar som følgje av at fritaket for køyretøy som berre bruker elektrisitet til framdrift er oppheva (nr. 12 oppheva, nr. 13 omnummerert).

7.2.3 Skattedirektoratets årsrundskriv

- Endringar som følgje av at det er innført omregistreringsavgift for køyretøy som berre bruker elektrisitet til framdrift (punkt 3 og 4).